



RADØY KOMMUNE  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 25.01.2017  
Vår ref.: 2016/10531-12  
Saksbehandlar: rutornh  
Dykkar ref.:

Att. Anne Elisabeth Waage

## Tilsegn: Modellbibliotek 2017 - Radøy

Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyvde i møte 18.01. 2017 kr 100 000 til folkebiblioteka i Fusa, Radøy, Samnanger, Stord og Tysnes kommunar til utvikling av modellbibliotek.

Radøy kommune får kr 100 000 til prosjektet «**Modernisering og flytting av biblioteket og utvikling av eigen tenesteprofil for Radøy**», som skildra i søknad av 28. november 2016.

Fylkesbiblioteket nyttar prosjektmidlar frå prosjektet «Sterk, spenstig og klar», som er støtta av Nasjonalbiblioteket, til konsulenthonorar til interiørarkitekt. Dette prosjektet blir avslutta i 2017.

Fylkesbiblioteket stiller arbeidskraft til rådvelde til kvalitetssikring av prosjektet, aktualisering av samlingane og rettleiing undervegs. Flytting av biblioteket er eit vilkår for gjennomføring av prosjektet.

Resultatet av prosjektet bør delast med andre bibliotek og marknadsførast i pressa, lokalt eller regionalt. Fylkesbiblioteket vil nytte resultatata i rapportering av prosjekt «Sterk spenstig og klar».

Stadfesting av kommunal eigenandel med tidsplan for prosjektet, må sendast til Hordaland fylkesbibliotek innan 1. mars 2017. Løyvinga blir utbetalt når fylkeskommunen får melding:

- om når tiltaket vart gjennomført
- om vilkår for tildelinga er oppfylt
- om i kva grad målsettinga med tildelinga er oppnådd

Refusjonskrav med eit enkelt rekneskap som viser kva midlane er nytta til, må sendast innan 1. desember 2017.

Ruth Ørnholt  
Fylkesbiblioteksjef

Kari Skibenes  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*